

## Tilbakemelding frå kvinnepolitisk utval i SV på NOU 2011:18 Struktur for likestilling.

Ein god organisering av det offentlege likestillingsarbeidet er nødvendig. Problemet i dag er ikkje målsettingane om likestilling, men å få omsett måla til konkret handling lokalt. I dag er det mangel på oppfølging av det lokale arbeidet, og erfaringar frå gode lokale tiltak eitt sted blir ikkje systematisk delt med andre kommunar. Vi trenger meir systematisk jobbing med likestilling. Likestillingsarbeidet i kommunane må styrkast, det er i kommunane folk lever, arbeider og bur. Det er her det er mangel på likestilling, og det er her ein betre virkemiddelpakke kan gjere ein skilnad.

Utvalet vil opprette eit Likestillingsdirektorat med regionale kontor som skal jobbe for likestilling på tvers av kjønn, funksjonshemmingar, seksuell legning, og etnisk bakgrunn og religiøs tilhørighet. Mange oppgåver vert lagt til kommunane allereie i dag og grader av rapportering er høg. Når vi likevel støtter framlegget om eit Likestillingsdirektorat er det av følgjande årsaker: Vi er einig med utvalet i at arbeidet med likestilling er lite systematisk, og at det i stor grad avhenger av eldsjeler lokalt. Denne integreringsstrategien har ikkje fungert godt nok, og eit Likestillingsdirektorat, med regionkontor, må ha ei pådrivar- og støtterolle i likestillingsarbeidet lokalt. Vi har erfaring med at imdi i fleire tilfelle fungerer slik. Vi treng ein samla offentleg aktør som har ansvar for at likestillingspolitikken og våre målsettingar blir satt ut i live og at godt likestillingsarbeid eitt sted blir gjort tilgjengeleg for andre. Det er ein føresetnad at eit Likestillingsdirektorat vert etablert utanfor Oslo, det er fleire kompetansemiljø i Noreg som er aktuelle.

For å få fortgang i likestillingsarbeidet, foreslår likestillingsutvalet en årlig pott på 200 millionar i utviklingsmidlar for lokale tiltak. Dette synes vi er eit godt forslag.

Vi vil også gi vår tilslutning til at Likestillings- og diskrimineringsnemnda gis myndighet til å tilkjenne oppreisning i saker der det er konstatert diskriminering, og at eit forbod mot samansett diskriminering tas inn i likestillingsloven og i dei øvrige diskrimineringslovene

I tillegg har vi ikkje nokre innvendingar mot desse forslaga frå utvalet:

- Den lovfesta plikten til aktivt likestillingsarbeid for både arbeidsgivarar og offentlige myndigheter konkretiserast.
- Likestillings- og diskrimineringsombodet vidareførast. Ombodets mandat presiserast når det gjelder pådrivaroppgåvene.
- Ombodets konvensjonstilsyn styrkes.
- Et kontaktutval mellom barne-, likestillings- og inkluderingsministeren og organisasjonane som arbeider med kjønnslikestilling.
- Et forum for likestilling i arbeidslivet mellom barne-, likestillings- og inkluderingsministeren og partane i arbeidslivet